



Idrettskulen er blant dei som manglar trenarar (Foto:Ola Matti Mathisen)

Uskedal idrettslag må kanskje kutte i aktivitetstilbodet til våren sidan fleire av fotballaga og einskilde trimparti manglar trenarar. Oppmodinga er klar: Har du ungar med i idretten, så still opp i støtteapparatet!

UIL opplever god støtte i bygda og har mange utøvarar. Laget har stor breidde i aktivitetane og får samstundes strålende sportslege resultat. Økonomien er også god, men ikkje god nok til å løne trenarar. - Historisk sett har heldigvis foreldre og søsken stilt opp og tatt trenaransvar, dette er noko vi ønsker å halde på også i framtida, seier leiar i Uskedal Idrettslag Alf Eidsvik jr

Men no brenn det altså eit blått lys for mange av aktivitetane. Om det ikkje kjem til nye krefter vil desse laga og partia stå utan tilbod til våren:

- Fotball for gutar 8 år (fødd2005): Treng to trenarar
- Fotball for gutar 9 år (fødd2004): Treng hovudtrenar, har hjelparar
- Fotball for gutar 13 år (fødd2000): Treng to trenarar
- Turngruppa sitt barneparti 3 –6 år: Manglar trenarar
- Idrettsskulen 1. – 4. klasse:Manglar trenarar
- Aerobic for vaksne: Manglar trenar

Skal idrettslaget halde aktiviteten i dei aldersbestemte laga og barnepartia oppe er vi heilt avhengige av at foreldre,besteforeldre eller søsken til utøvarane stiller opp som trenarar og "oppmenn".Ein treng ikkje vere eit fotballgeni eller flink i turn for å gjere jobben; det viktigaste er at du har interesse for det ungene dine driv med. Idrettslaget gir støtte og råd og sørgjer for administrasjon og rettleiing. Ei trenaroppgåve vert såleis overkommeleg.

UIL oppmodar foreldre i dei gruppene som no ståri fare til å samsnakka litt og så ta kontakt med Odd Steinar Arnesen (fotball) eller Anette Sund (turn/trim) for å fordela oppgåvene; helst før nyttår

Av Anbjørn Høivik